


7 2007

For velferdsstatens skriftserie



til teneste for kven?

Om EU sitt tenestedirektiv





For velferdsstatens skriftserie Hefte nr.7

Til teneste for kven? Om EU sitt tenestedirektiv

Texte Noir 2007
ISBN 82-92515-05-4
Opplag: 3000

Innhold

Forord	7
---------------------	----------

Til teneste for kven?	9
------------------------------------	----------

Frå Lisboa til Bolkestein	16
Frå europeisk motstand til norsk veto?	30

Tre argument mot tenestedirektivet	37
---	-----------

Tidslinje	39
------------------------	-----------

Ordliste	40
-----------------------	-----------

Forord

Tjenestedirektivet har blitt det mest omstridte i EUs historie. Sjelden har den politiske retninga i EU-kommisjonens lovgivning kommet klarere til uttrykk. Det var ingen tvil lenger. Direktivet ville fremme privatisering og massiv sosial dumping. Det var, sammen med grunnlovsforslaget, de hittil sterkeste uttrykk for ønsket om å institusjonalisere markedsliberalismen som Europas økonomiske system.

Kampen mot direktivet har allerede bidratt til å endre Europa. Direktivets utilslørte innhold styrket nemlig også motstanden mot EUs foreslåtte grunnlov, og bidro dermed til at den ble nedstemt så vel i Frankrike som i Nederland. Slik innevarer den brede mobiliseringen mot tjenestedirektivet en ny fase i den folkelige motstanden mot markedsliberalismens Europa.

På denne måten bidro tjenestedirektivet aktivt til å gjøre Europa til en felles kamparena – ikke minst for fagbevegelsen. Tidligere hadde faglig og folkelig motstand mot markedsliberalistiske framstøt i EU i stor grad vært begrenset til kamper innenfor nasjonalstatens rammer, for eksempel da den franske fagbevegelsen nedkjempet Juppé-regjeringens massive angrep på den franske velferdsstaten høsten 1995.

Siden har vi sett omfattende mobilisering mot markedsliberalistisk poli-

tikk i land som Italia, Hellas og Tyskland, men aldri koordinerte, felleseuropeiske aksjoner. Riktignok tok fagbevegelsen et viktig steg i retning av å europeisere sin kamp da havnearbeiderne i to omganger (i 2003 og 2006) gjennom felles aksjoner klarte å stanse EUs havnedirektiv, som ville ha betydd massiv privatisering av Europas havner.

Likevel var det først med tjenstedirektivet og grunnlovsforslaget at Europa for fullt ble felles arena for hele den brede, folkelige motstanden – med fagbevegelse og andre sosiale bevegelser i felles mobilisering mot det markedsliberalistiske prosjektet. Selv om de ikke klarte å stanse tjenstedirektivet, men bare utvannet det litt, så varsler den brede motstanden altså en ny, gledelig og nødvendig fase i kampen om Europas framtid.

Skal vi forstå rekkevidden av tjenstedirektivet, må det settes inn i en videre, maktpolitisk analyse, slik vi gjør i dette heftet. Velvillige tekstanalyser, slik eksempelvis FAFO bedriver gjennom sin bagatellisering av direktivet, virker bare tilslørende i denne sammenhengen. Dessuten bør vi like godt forberede oss til neste slag, om et eget direktiv for helsesektoren, som nå forberedes av EU-kommisjonen. At helsesektoren ble unntatt fra tjenstedirektivets virkeområde, var altså ikke noen langvarig seier, bare uttrykk for en endret taktikk fra kommisjonens side.

Fordi Norge vil omfattes av tjenstedirektivet, men ikke er medlem av EU, gjenstår det én kamp her i landet. ”Vetoretten” i EØS-avtalen innebærer muligheten til å si nei til et direktiv. Soria Moria-erklæringen fastslår at den muligheten vil bli brukt dersom ”særlig viktige norske interesser trues”. Det er all grunn til å holde presset oppe. Lykke til!

Oslo, februar 2007
For velferdsstaten
Asbjørn Wahl
Daglig leder

Til teneste for kven?

Av Ingrid Fiskaa, styremedlem i Attac Noreg

Hausten 1995 gjekk først tusenvis av franske skuleelevar i gatene i protest. Så fekk dei følgje av lærarane sine og andre offentleg tilsette. Snart var fleire hundre tusen i streik. Arbeidarar, studentar, bønder og arbeidslause gjekk i enorme demonstrasjonstog. Sinnet var retta mot statsminister Alain Juppé og Plan Juppé, ein plan for massive kutt i velferdstilbod. Kutta var lansert for å klara dei økonomiske krava for å bli med i EU sin valutaunion ØMU. Då protestane nærma seg eit allment sosialt opprør måtte nedskjeringsforslaga trekkast tilbake, og Juppé gjekk av som statsminister.

Ei ny sosial mobilisering etter mange år med demoralisert maktesløyse hadde starta. Fagrørsla i land etter land har saman med nye sosiale rørsler demonstrert mot nedskjeringar i offentleg sektor, nedlegging av arbeidsplassar, massearbeidsløyse og åtak på løns- og arbeidsforhold. Både konservative og sosialdemokratiske regjeringar har fått gjennomgå. I Tyskland kom det til kraftige protestar med hundretusenar i gatene våren 2004, etter at kanslar Gerhard Schröder lanserte "Agenda 2010". Det var ein plan for kutt i arbeidsløysetrygd og pensjonar, svakare stillingsvern, høgare eigendelar i helsesektoren – og skattelette til storselskapa.

Mange av dei største protestane har hatt brodd mot nasjonale styres-

makter. Men i aukande grad har dette også blitt felleseuropeiske mobiliseringar. Tydelegast kom det til uttrykk våren 2005, då forslaget til ny EU-grunnlov og utkastet til tenestedirektiv møtte kraftig motstand. Folkerøystingane om EU-grunnlova enda med eit forsmedeleg nederlag for elitane både i Frankrike og Nederland. Grunnlova og tenestedirektivet var dei tydelegaste uttrykka for ei utvikling der måla om konkurransevne og lønsemd for storselskapa systematisk går framfor sosial tryggleik og sysselsetting.

I meir enn ti år har samfunnsutviklinga i Europa blitt møtt med aukande folkeleg motstand. I alle desse protestane og mobiliseringane blir kravet om "eit sosialt Europa" reist. "Eit sosialt Europa" er reaksjonen mot det nyliberalistiske Europa, der storselskapa, EU-kommisjonen og Rådet er hovuddrivkrefter.

Nyliberalismen i Europa

Etter andre verdskrig opplevde Vest-Europa ei av dei mest stabile og langvarige utviklingsperiodane i historia, med jamn økonomisk vekst, velstandsutvikling for alle, omfattande utbygging av velferdsstaten og sterk statleg regulering av økonomien. Endringar i maktforholdet mellom arbeid og kapital la grunnlaget for ei jamnare fordeling av ressursane i samfunnet. Men mot slutten av 70-talet stoppa det opp. Den nyliberalistiske epoken tok til, med statsleiarar som Thatcher og Reagan i spissen. Epoken er kjenneteikna av økonomisk liberalisering, med oppheving av kapitalkontroll, ein veksande spekulasjonsøkonomi frikopla frå den produktive delen av økonomien, rask auke i internasjonal handel og utanlandsinvesteringar og aukande dominans av dei transnasjonale selskapa.

Konsekvensane er dramatiske. Forskjellane aukar så vel mellom rike og fattige delar av verda, som innerter i det enkelte landet. Massearbeidsløyse har igjen blitt verkelegheit i vesteuropeiske land, og nyfattigdomen aukar. Privatisering og nedskjering av offentleg velferd, svekking av rettar i arbeidslivet og marknadsretting av alle delar av samfunnet, er andre sentrale kjenneteikn ved denne utviklinga. I sum utgjer det ei mas-

siv forflytting av makt, vekk frå demokratiske organ og over til mektige kapitaleigarar.

Dei politiske og økonomiske endringane i Europa blir best forstått i ein global samanheng. I den globale økonomien kjempar dei sterkaste landa og blokkene om marknader og hegemoni. Lenge var USA, EU og Japan dei desidert sterkaste områda. I dag reiser særleg Kina seg som ein tung konkurrent, men også India, Brasil og Sør-Afrika. Det overordna målet med politikken er å skaffa ”sine” transnasjonale selskap fordelar i den internasjonale konkurransen. For å klara det må selskapa også få betre vilkår på heimemarknaden, med svakare arbeidslovgiving, med nye område opne for privatisering og konkurranse, og med færre ”handelshindringar” – det vil seia færre krav som kan stå i vegen for målet om høgast mogleg avkastning. Slik verkar den hardare internasjonale konkurransen inn på fordeling av makt og ressursar også innetter i rike land.

Utviklinga i EU må sjåast i denne samanhengen. Då Maastricht-traktaten starta å verka frå 1993 var EU etablert som ein politisk union på endå fleire område, og som ein økonomisk og monetær union (ØMU) med felles valuta og sentralbank. Det vart sett strenge krav for å kunna delta i den nye valutaunionen. Det er særleg krava til små budsjettunderskot som har ført til nedskjeringar i offentleg velferd, som i Frankrike i 1995 og i Tyskland i 2004. Ingen krav blir stilt til sysselsetting, sosiale rettar eller miljø.

Lisboa-strategien

På toppmøtet i Lisboa våren 2000 vedtok EU konkurransestrategien sin, den såkalla Lisboa-strategien. Målet var at EU innan 2010 skulle bli den mest konkurransedyktige og dynamiske kunnskapsbaserte økonomien i verda. Offisielt er det tre likestilte mål i Lisboa-strategien: Økonomisk vekst og sysselsetting, sosial utjamning og respekt for miljøet. I praksis er det økonomisk vekst og konkurransevne som blir prioritert på EU-nivå. Oppfølginga av strategien består stort sett av reformer som skal få opp mobiliteten og fleksibiliteten i den indre marknaden; det vil seia deregul-

ering og liberalisering av økonomien, tiltak for auka konkurranse og meir handel over grensene.

Ein gjennomgang hausten 2004 konkluderte med at framgangen i Lisboa-prosessen var alt for dårleg, og at viljen til oppfølging i medlemslanda var for svak. Lisboa-strategien hadde for mange prioriteringar og var for dårleg koordinert, meinte gruppa som gjorde evalueringa. Toppmøtet i mars 2005 slo derfor fast nye retningslinjer for Lisboa-strategien. Det skal fokuserast sterkare på økonomisk vekst og sysselsetting framfor måla om sosial utjamning og omsyn til miljøet. Denne ”vekst- og sysselsettingsstrategien” er først og fremst ein strategi for å redusera kostnadene og auka konkurransevna til dei transnasjonale selskapa. EU-kommisjonen har utarbeida retningslinjer for strategien som skal følgjast opp gjennom nasjonale reformprogram. Samtidig skal eit tilsvarande ”Unions Lisboa-program” gå gjennom alle tiltak på EU-nivå og gå gjennom område som krev betre samordning mellom medlemslanda.

Dei europeiske tenesteselskapa

Tenestesektoren utgjer om lag 70% av økonomien og sysselsettinga i EU. EU er også verdas største eksportør av tenester, og står åleine for nesten ein fjerdedel av den totale tenesteeksporten i verda. Sett frå perspektivet i Lisboa-strategien er EU sin tenestesektor svært konkurransedyktig. Tenesteselskapa vil gjerne konkurrera og ekspandera internasjonalt for å halda på og styrka denne leiande posisjonen i marknaden.

Dei mest konkurransedyktige tenesektorane i EU inkluderer telekommunikasjon, elektrisitet, vassforsyning og posttenester, i tillegg til finansielle tenester, bygg og anlegg og transporttenester. EU har dei 3 største selskapa innanfor bygg og anlegg i verda, 6 av dei 10 største selskapa innan telekommunikasjon, og tilsvarande innan varehandel, finans, forsikring, transport og miljøtenester, inkludert vassforsyning. EU har auka andelen sin av dei største selskapa i verda det siste tiåret, mykje på grunn av at tidlegare statleg eigde verksemdar har blitt privatisert.

Det er også i tenestesektoren at vi finn mange av dei sterkaste lobbyorganisasjonane i EU. Den viktigaste lobbyorganisasjonen for tenestelskapa er European Services Forum (ESF). Lobbyverksemda i EU er omfattande, og sterkt dominert av dei store selskapa: Talet på lobbyistar bare i Brussel er truleg om lag 15 000 (det manglar offisielle tal), og over 70% av desse arbeider for storselskapa. Dei sterkaste lobbyorganisasjonane deltar i utforminga både av politikk for den indre marknaden og av EU sine forhandlingsposisjonar internasjonalt. Dette skjer både i offisielle og uformelle samanhengar.

To sider av Lisboa-strategien

Konkurransestrategien i EU har to hovudlinjer – ei intern og ei ekstern. For å styrka dei europeiske selskapa si konkurransekraft på verdsmarknaden arbeider EU-kommisjonen og lobbyorganisasjonane på den eine sida for å kutta kostnader, fleksibilisera arbeidsmarknaden og fjerna handelshindringar på den indre marknaden. På den andre sida arbeider dei for å oppnå marknadstilgang i resten av verda gjennom internasjonale og tosidige handelsavtalar.

Denne tosidige strategien blir skildra i EU-kommisjonen sitt programdokument ”Global Europe: Competing in the World”, som vart lansert i oktober 2006. Her skal ein nå Lisboa-strategien sine mål om auka konkurransekraft ved å pressa hardare på for marknadstilgang eksternt, samtidig som innanlandske reguleringar skal ”restrukturerast”.

EU har felles utanrikspolitikkk på ei rekkje område, mellom anna i handelspolitikken. Forhandlingsposisjonane blir utarbeida og følgt opp av EU-kommisjonen på vegner av alle medlemslanda, ut frå eit mandat gitt av ministerrådet. EU-parlamentet spelar ei minimal rolle i handelsforhandlingane, medan lobbyorganisasjonar som ESF gjennom mange formelle og uformelle møte med kommisjonen har mykje dei skulle ha sagt.

Tenesteavtalen (GATS) i Verdas handelsorganisasjon (WTO) står sentralt i strategien for å oppnå større marknadstilgang for dei europeiske teneste-

selskapa. Formålet med GATS er å opna fleire tenesteområde for internasjonal konkurranse. Det gjeld i utgangspunktet alle tenester, så vel sentrale velferdstenester som helse og utdanning, som energi- og vassforsyning, og det gjeld dei meir openbart kommersielle tenesteområda. Målet er at flest mogleg sektorar i flest mogleg land skal opnast for fri konkurranse og fri etablering av utanlandske selskap. Som i annan ”frihandel” er det dei sterkaste aktørane som har mest å tena på konkurransen. Dei fattige landa har ofte ein dårleg utvikla tenestesektor og er eit lett bytte for dei store konserna. GATS-avtalen innskrenkar dessutan det politiske handlingsrommet i alle land, ved å fremja marknadsorientering og privatisering og blokkera for at sektorar som er liberalisert og privatisert kan bli tatt tilbake under demokratisk styring igjen.

Trass i at den siste forhandlingsrunden i WTO har fått namnet ”utviklingsrunden” har EU sine forhandlingsposisjonar på tenesteområdet (som på andre område) tatt minimalt omsyn til utvikling og politisk handlingsrom for dei fattige landa. EU si liste over krav til opning av tenestesektorane i 109 land ser mest ut som ei ønskeliste for tenesteselskapa, og er då også utarbeida i tett samarbeid med desse. ESF har under heile forhandlingsrunden arbeidd aktivt med utgangspunktet at ”for å lykkast, bør runden sørga for reell ny liberalisering og nye forretningsmoglegheiter i tenestesektorane.”¹

Gjennombrøtet i WTO-forhandlingane lar venta på seg, mykje på grunn av massiv motstand frå fattige land – og folkeleg motstand frå så vel nord som sør. Derfor har dei tosidige frihandelsavtalane, der EU (og USA) forhandlar med eitt og eitt land eller med heile regionar samtidig, blitt det nye satsingsområdet. Gjennom EPA (Economic Partnership Agreement) med afrikanske, stillehavs- og karibiske land, prøver EU no å pressa gjennom marknadstilgang og på område som har vore avviste i WTO-forhandlingane, slike som investeringar og offentlege innkjøp. Som EU-kommisjonen uttrykker det i ”Global Europe”-dokumentet: Med slike avtalar kan ein ta opp tema ”som enno ikkje kan bli tatt opp multilateralt”. Særleg viktig er det at avtalane omfattar ”vidtgående liberalisering

av tenester og investeringar”.

Det interne aspektet ved Lisboa-strategien er ikkje mindre viktig enn det eksterne. EU-kommisjonen arbeider også med å styrka tenesteselskapa på heimebane, ved å leggja til rette for høgare fortjeneste på den indre marknaden. Her er tenestedirektivet, eller Bolkestein-direktivet, det sentrale verkemiddelet.

Frå Lisboa til Bolkestein

Tenester utgjør kort fortalt alle delane av økonomien utanom industri og primærnæringar. Område som transport, bygg og anlegg, hotell- og restaurantbransjen, varehandel, reingjering, utdanning, helse-tenester og informasjonsteknologi utgjør til saman ein veksande del av økonomien og næringslivet i dei vestlege landa. Det er også i desse bransjane dei europeiske storselskapa hevdar seg best på verdsmarknaden.

Målsettingane i Lisboa-strategien er at EU skal vera den mest konkurransedyktige og kunnskapsbaserte økonomien i verda innan 2010. Måla er langt frå å bli oppnådde. Særleg er EU-kommisjonen bekymra over at tenestehandelen ikkje utgjør meir enn 20% av den grensekryssande handelen i EU/EØS-området, samtidig som tenestesektoren utgjør 70% av økonomien.

Handel med tenester er noko heilt anna enn handel med varer. Varer blir produsert ein stad, og så transportert til andre stader og selt. Tenester blir derimot selde i det dei blir utførte, slik ein frisør, ein hjelpepleiar eller ein snekkar sel sine tenester. Handel med tenester er med andre ord arbeidsmigrasjon, og dei arbeidarane som utfører tenestene må reisa dit tenestene skal seljast. Derfor kan sjølvsagt heller ikkje tenestehandelen bli like omfattande som varehandelen.

Bekymringa hos EU sin elite handlar derfor i første rekke om at arbeidarane i Europa er for lite villige til å flytta på seg, særleg samanlikna med USA. Dersom storselskapa skal auka konkurransekrafta si, må det skapast ein "fungerande" indre marknad for tenester, der selskapa enklare kan etablere seg og selja tenester over landegrensene, og der arbeidskrafta blir meir fleksibel og flyttbar. Formålet med tenestedirektivet er å leggja til rette for ei slik utvikling. For mange vil det innebera ein tvungen mobilitet – at du må flytta dit jobbane er, og ikkje at du finn ein jobb der du helst vil bu. Du må bryta opp frå heimstad, venner og familie for ein kortare eller lengre periode.

Eit omstridd direktiv

Ingen EU-direktiv har skapt så mykje strid som tenestedirektivet. Det har vore gjennom ein langvarig behandlingsprosess i EU frå kommisjonen sitt første forslag vart lagt fram. Og i desember 2006 vart direktivet endeleg vedtatt.

Utgangspunktet var det såkalla ”Bolkestein-direktivet”, fremma av dåverande EU-kommisær Fritz Bolkestein i januar 2004. Forslaget vekte enorme reaksjonar og vart oppfatta som eit aggressivt åtak på arbeidsvilkår og velferd i Europa. Bolkestein sjølv gav kritikarane drahjelp ved å skryta av kor billege polske røyrleggarar og elektrikarar han brukte på sommarhuset sitt i Frankrike. Som svar stengte elektrikarane straumen til huset.

”Den polske røyrleggaren” vart eit symbol for motstanden mot direktivet. Bolkestein-direktivet bygde eksplisitt på *opphavslandprinsippet*, som vil seia at ei tenestebedrift i eitt land automatisk skal godkjennast i resten av EU/EØS med sine løns- og arbeidsvilkår. Også kontrollen med at desse vilkåra blir oppfylt skal skje frå opphavlandet. Eit polsk røyrleggarfirma vil altså kunna ta med seg arbeidstakarar heimefrå og tilby tenester i andre land basert på polsk lønsnivå og polske lover og reglar. Om firmaet etterlever desse polske standardane er opp til det polske arbeidstilsynet å halda greie på. Norske lover og reglar vil ikkje gjelda, og det norske arbeidstilsynet vil ikkje kunna kontrollera arbeidsforholda. Det same vil gjelda på miljøområdet og alle andre område der det finst politiske reguleringar for å verna om menneske og miljø.

Bolkestein-direktivet utløyste massiv motstand i mange land. I mars 2005 demonstrerte 75 000 fagorganiserte i Brussel, og 14. februar 2006 gjekk 50 000 i gatene i Strasbourg samtidig med at saka var oppe i EU-parlamentet. Direktivforslaget var dessutan ei viktig årsak til at Frankrike og Nederland sa nei til EU-grunnlova i folkerøystingane i 2005. Fleirtalet sa nei til marknadsliberalismen, nei til dårlegare velferd og nei

til demo-kratiunderskotet i EU. Forslaget til nytt tenestedirektiv illustrerte tydeleg kvar EU er på veg.

Motstanden pressa EU-parlamentet til å gjera ein del endringar då direktivet kom til behandling der i februar 2006. Kompromisset som vart utarbeida mellom den sosialdemokratiske og den konservative/kristeleg-demokratiske gruppa i parlamentet innebar at ordet ”opphavslands-prinsipp” vart fjerna og at ein del fleire område for tenesteyting vart halde utanfor direktivet. Dette fekk mange til å hevda at direktivet dermed var vesentleg endra. Euro-LO gjekk frå å vera kritiske til å forsvara det nye direktivforslaget.

Direktivet gjekk frå parlamentet tilbake til kommisjonen, som kom med sitt nye forslag i april 2006. Dette bygde på dei politiske kompromissa i EU-parlamentet, men hadde også ein del nye endringar i direktivteksten. Neste stopp på vegen var ministerrådet i slutten av mai, som godkjende kommisjonen sitt nye forslag. Hausten 2006 var det så ein ny runde med behandling i parlamentet, som ikkje gjorde nokon endringar, og endeleg vedtak i rådet.

Uklart – men klart

Den viktigaste endringa frå det opphavlege Bolkestein-direktivet er at teksten er blitt meir uklar. Der Bolkestein-direktivet klart og utvetydig slo fast at opphavslandprinsippet skulle gjelda, står det i den endelege versjonen om ”fridom til å yta tenester”. Men sjølv om ordet er ute av teksten, betyr det ikkje at prinsippet er ute av verda. Snarare enn å bety ei realitetsendring av direktivet, inneber kompromisset ei tåkelegging av realitetane. Formålet med direktivet står framleis fast: Tenesteselskapa skal få større ”fridom til å yta tenester”. Konkurransen om å yta tenester på tvers av landegrensar skal aukast. Landa skal gjera det lettare for utanlandske tenesteytarar å etablere seg der og skal leggja til rette for fri utveksling av tenester over grensene. Utgangspunktet er at ei teneste som er godkjent i eitt land, med det også skal vera godkjent i alle andre EU/EØS-land. Lover og reglar i dei enkelte medlemslanda skal forenklast

eller setjast til side for å fremma den frie flyten. Handlingsrommet for kva slags krav som kan stillast til tenesteselskapa blir innskrenka.

”Opphavslandsprinsippet er essensielt. Forhandlarane frå gruppa mi forsikrar at den nye formuleringa er identiske med dette prinsippet. Men forhandlarane for sosialdemokratane seier at dei lykkast med å bli kvitt det.”

Astrid Lulling, medlem av sentrum-høgre-gruppa i EU-parlamentet etter behandlinga i februar 2006.

”... forskjellen mellom førsteforslag og aprilforslag for så vidt gjelder skiftet fra opprinnelseslandsprinsipp til tjenesteytelsesrett [er] i det alt vesentlige av konseptuel karakter. [...] det er tvilsomt om det er adgang til å stille noen særlige krav utover dem som følger uttrykkelig av direktivet, slik at det kan virke som endringen er mer av kosmetisk enn praktisk betydning.”

Professor Finn Arnesen ved Senter for Europarett, på oppdrag frå Nærings- og Handelsdepartementet.

Konkurransse om lågare løn

Auka konkurransse gir betre og billegare tenester, skal vi tru tilhengarane av marknadliberalismen. Konkurransse fører til at bedriftene skjerpar seg for å nå fram med sine tilbod til forbrukarane, og ein kjem inn i ein god sirkel, seier dei. Men for dei store gruppene av arbeidstakarar som skal levera desse tenestene, ser det fort annleis ut.

Auka konkurransse legg press på kostnadene i verksemda. Skal ein vera konkurransedyktig på pris må kostnadene ned. Dominerande delar av tenestesektoren er såkalt arbeidsintensiv, det vil seia at arbeidskrafta utgjer mesteparten av kostnadene. For å levera billegare tenester må selskapa anten ha færre tilsette (rasjonalisera) eller kutta i lønsutbetalingane, arbeidsvilkåra og pensjonsrettane til arbeidstakarane. Men fordi mange

tenester ikkje kan rasjonaliserast og det ikkje er særleg andre kostnader å kutta i, må konkurransen handla om dei direkte kostnadene i form av løn og pensjonar, og om dei indirekte kostnadene i form av velferd. Å auka konkurransen om tenester vil nødvendigvis føra til eit sterkt press på løns- og arbeidsvilkår.

Det verkeleg sterke presset oppstår når handelen med tenester skal føregå i eit område med store skilnader i levekår, slik situasjonen er i EU etter utvidinga. Dei fattigaste landa i det utvida EU/EØS-området har ikkje meir enn 10% av lønenivået i dei rike landa, og nokon ønskjer no tydelegvis å utnytta dette til å fremja massiv sosial dumping i Vest-Europa. I marknadsliberalismen sin logikk er låge lønskostnader eit ”komparativt fortrinn” for dei fattigaste landa. Men dersom selskap frå områda med lågast løner og dårlegast standardar skal få utnytta dette ”fortrinnet”, inneber det eit kraftig press på dei standardane som arbeidarrørsla har kjempa fram i andre land. Dei som vil auka den grensekryssande handelen med tenester, går i realiteten inn for at arbeidstakarar skal konkurrera om å selja arbeidskrafta si billegast mogleg.

Usolidarisk

I debatten om arbeidsinnvandring og tenestehandel blir dette av nokon framheva som solidaritet i praksis: Ved å gi arbeidarar frå fattigare land ein sjanse til å ta seg arbeid i eit rikare land, vil det over tid skje ei utjamning av rikdom og lønsnivå mellom landa. Då spelar det mindre rolle om den latviske arbeidaren i Finland arbeider under forhold og med ei løn som er langt dårlegare enn vanleg finsk standard. Han vil jo nesten uansett tena meir enn han ville gjort heime. NHO har dessutan hevda at fordi den austeuropiske arbeidaren får så mykje meir igjen for pengane i heimlandet, kan ei timeløn på 80-90 kroner ikkje kallast sosial dumping.

”Det er ikke sosial dumping å betale lønn under tariff.”

NHO-direktør Sigrun Vågeng under høyring
i kommunalkomiteen.²

Problema med dette resonnementet er fleire. Eit nærliggande motargument er at så lenge den latviske arbeidaren oppheld seg i Finland, vil han måtta betala for mat og opphald etter finske prisar. Og dei finske prisane er tilpassa finsk lønenivå. Historiene om austeuropeiske bygningsarbeidarar som arbeider i pensko og vanleg skjorte midtvinters i Oslo burde gjera det tydeleg at det ikkje går an å betala austeuropeiske løner i Noreg ut frå ei vurdering av prisnivået der arbeidaren kjem frå.

Eit vel så viktig argument er at det ikkje er nokon samanheng mellom fri flyt av arbeidskraft og velstandsauke i dei fattigare regionane. Utjamning av levekår mellom rike og fattige land er då heller ikkje eit mål som brukar å stå fremst på den politiske agendaen til arbeidsgivarsida og marknadsliberalistane. Til å oppnå ei slik utjamning krevst heilt andre tiltak enn å la ei større eller mindre gruppe av arbeidarar frå fattige land ta seg jobb til luseløn i Vest-Europa. Å ta rettar frå nokon og pressa løsnivået nedover for arbeidstakarar i rike land er ikkje solidaritet. Solidaritet må vera å kjempa for fleire rettar og høgare løner i dei fattigare landa.

Maktforhold i endring

Spørsmålet om fri flyt av tenester og arbeidskraft handlar om maktforhold, både internasjonale og nasjonale. Det er ikkje inntekta til skatteadvokatar, aksjespekulantar, journalistar i riksmidia og reklamebyråantar som er mest utsett når den internasjonale konkurransen i arbeidsmarknaden hardnar til. Det er i første rekkje dei som har låg løn og usikre arbeidsforhold frå før som merkar presset frå tilbodet om endå dårlegare betalt arbeidskraft, som reingjerarar, hotell- og restaurantarbeidarar og transportarbeidarar. Det er i lågstatusyrke, og der tariffavtalane er færrest og utskiftinga er størst, at det er enklast å pressa løns- og arbeidsvilkår endå meir nedover. Det er særleg her at krava til arbeidsgivarane bør skjerpast for å sikra levelege arbeidsvilkår. Då er det feil veg å gå å gjera slike krav vanskelegare eller umoglege.

Friare flyt av tenester og arbeidskraft over grensene i eit område med så store skilnader i arbeidsvilkår som i EØS-området vil medverka til å

riva ned dei reguleringane som har sikra sosial og økonomisk utjamning. Landsomfattande standardar for løns- og arbeidsvilkår bidro til å endra maktforholda mellom arbeidstakarar og arbeidsgivarsida og gav ei jamnare fordeling i samfunnet. Det er denne fordelinga som står for fall når konkurransen i arbeidsmarknaden aukar, og i første omgang rammar det dei mest utsette gruppene.

Heller ikkje i aust, der levekåra og lønsnivået er langt dårlegare, gir auka konkurranse i Europa nokon garanti for velstandsauke. Enkelte familiar kan heva levestandarden sin ved at familiemedlemmer tar arbeid i eit rikare land og sender pengar heim. Men jo fleire som tar arbeid i utlandet, jo færre er det igjen til å ta dei i dei oppgåvene som må løysast i heimlandet. Det er dessutan oftast dei best utdanna og faglærte som reiser ut, og det tappar heimlandet for kvalifisert arbeidskraft. Enkelte austuropeiske land har forsøkt å løysa denne situasjonen ved å henta inn endå lågare betalt arbeidskraft, frå endå fattigare land.

Arbeidskrafteksport er ikkje ein modell for å skapa utvikling. Austuropeiske land må først og fremst få sjansen til å bygga opp eigen industri og tenesteproduksjon som kan gi arbeidsplassar og inntekter, og ikkje bli leverandørar av billeg arbeidskraft til utlandet.

”Fridom til å yta tenester”

Formålet med direktivet er å gjera det enklare å tilby tenester over landegrensene for dermed å auka den grenseoverskridande tenestehandelen. Handelshindringar i form av nasjonale krav til selskapa skal byggast ned. Når ei teneste blir godkjent i eitt land, skal ho i prinsippet med det også vera godkjent i alle andre land. Dette er ikkje noko nytt i EU, men sjølve grunnlaget for den indre marknaden. Det vart slått fast i den såkalla ”Cassis de Dijon-rettssaka” i EF-domstolen i 1979. Tyskland hadde forbode import av fransk solbær-likør fordi likøren ikkje var i samsvar med tysk lovgiving for brennevin; han var for svak (under 25% alkohol) og vart rekna som ei helseskadeleg vare. Domstolen slo fast at ei vare som lovleg kan omsettast i eit medlemsland fritt også kan omsettast i alle andre EU-

medlemsland. Det er dette prinsippet som no skal gjerast gjeldande på tenestedområdet.

Tenestedirektivet skil mellom to kategoriar av tenesteyting. Den første er tenesteytarar som vil etablera seg i eit anna land. På dette området inneber tenestedirektivet ikkje så store endringar, med eitt unntak. Det skal etablerast såkalla ”hurtigskrancar” for registrering av selskap. Tenesteytaren skal finna alt av lovverk og reglar på ein stad på nettet, eit nasjonalt knutepunkt. Her skal utanlandske selskap sikrast ei rask behandling av søknaden om å etablera seg. Dersom søkaren ikkje har fått svar innan ein gitt frist skal søknaden automatisk innvilgast.

Den andre kategorien er selskap som vil tilby tenester i eit anna land enn der dei er registrert; såkalla mellombels tenesteyting. Dette er den største endringa med tenestedirektivet. Paragrafen som tidlegare inneheldt det omstridde opphavslandsprinsippet (artikkel 16) har no fått tittelen ”Fridom til å yta tenester”, men tanken er den same. Det skal vera færrest mogleg krav som styresmaktene kan stilla overfor selskap som tilbyr tenester over landegrensene. Etter direktivet er det bare på fire område det kan stillast krav: Det gjeld krav som er grunnleggjande i omsynet til den offentlege orden, offentleg tryggleik, folkehelsa og vern av miljøet. Omsyn til sosialpolitikk og forbrukarvern vart føreslått inn på lista i parlamentet si første behandling av direktivet, men kom ikkje med. Dette betyr ei dramatisk innstramming i kva for krav som kan stillast til tenesteytarar, samanlikna med tidlegare lovverk og praksis i EF-domstolen. Kva som er mellombels tenesteyting er ikkje avklart i tenestedirektivet. Men ut frå tidlegare praksis kan ”mellombels” vera fleire år.

Kontroll blir vanskeleg

Vertslandet vil ha få sjansar til å stilla krav til eller kontrollera selskapet. Bare innanfor strenge avgrensingar kan vertslandet kontrollera utanlandske tenesteytarar. I hovudsak er det opp til opphavslandet å stilla krav og kontrollera, og då er det lovgivinga i opphavslandet som gjeld.

Kontroll med tenesteytarar vil dessutan bli praktisk vanskelegare. Med tenestedirektivet skal det ikkje vera å lov å krevja at selskapet skal ha kontor eller relevant dokumentasjon tilgjengeleg i det landet det tar oppdrag. Det skal heller ikkje kunna krevjast at tenesteytaren skal godkjennast av styresmaktene før oppdraget tar til. I tillegg vil det bli praktisk vanskelegare å få innsyn i og kontrollera arbeidsforhold i ein meir integrert europeisk marknad både på grunn av ulike reglar og lovverk i dei ulike landa og på grunn av språkbarrierer.

Store delar av opphavslandsprinsippet gjeld altså sjølv om ordet er tatt ut av direktivteksten. Eit selskap som ikkje er etablert i vertslandet men som bare ”mellombels” tar oppdrag der, er i hovudsak underlagt opphavslandet sine lovverk, avtalar og kontrollinstansar.

Dette er det motsette av prinsippet om ”norsk løn i Noreg”. Fordi norske selskap fort vil bli utkonkurrert ved å operera med norske løns- og arbeidsvilkår, vil det bli freistande å etablere seg i land med låge lønskostnader og låge helse- og miljøstandardar, for deretter å tilby tenester over landegrensene derfrå. Dette er å setta sosial dumping i system, ved at dei dårlegaste standardane i aukande grad blir regelen. Reguleringar i arbeidsmarknaden og tenestemarknaden finst stort sett på nasjonalstatleg nivå, men det er nettopp desse statlege reguleringane tenestedirektivet har som formål å fjerna eller svekka.

Norske lønsreglar og norsk arbeidsrett?

Streikerett, arbeidsmiljølov, lønsreglar og andre arbeidsrettslege forhold har vore eit sentralt stridstema omkring tenestedirektivet. Under parlamentet si første behandling vart det vedtatt at medlemsstatane sin arbeidsrett skulle gjelda. Men i den seinare behandlinga er det lagt til eit tillegg som underordnar den nasjonale arbeidsretten under EU-retten ved å krevja at han skal ”respektera fellesskapsretten”. Det kan bety at medlemsstatane sin arbeidsrett må vika for EU sine konkurransereglar. Om det blir slik, blir opp til EF-domstolen å avgjera.

Tenestedirektivet skal ikkje utfordra medlemsstatane sine lønsreglar. Men sjølv om det er slått fast i direktivteksten, betyr det ikkje at direktivet ikkje vil pressa det norske lønenivået nedover. For det første har vi ingen "lønsreglar" i Noreg bortsett frå dei som er fastlagt i tariffavtalane (eventuelt allmenngjorte tariffavtalar). Det finst inga lovfesta nedre grense for prisen på arbeidskraft. For det andre er dekninga av tariffavtalar svært varierende i arbeidslivet, og særleg låg delar av i privat tenestesektor. Mange typiske kvinneyrke, og arbeidsplassar med mange innvandrarar, etniske minoritetar og ungdom, er allereie prega av vanskelege arbeidsforhold og låg løn. Den nye undergruppa av arbeidstakarar frå Aust-Europa får betalt heilt ned i ni kroner timen og blir fråtatt grunnleggande sosiale rettar. Eit endå meir uoversiktleg arbeidsliv, med ulike utanlandske selskap på kortvarige oppdrag og dårlegare vilkår for kontroll og innsyn, saman med ein hardare konkurranse der det først og fremst blir konkurrert om lønskostnadene, er oppskrifta på å undergrava det normale norske løsnivået – på lengre sikt også i bransjar som i dag har få problem med sosial dumping.

Eit omfattande direktiv

Tenestedirektivet omfattar ikkje heile tenestesektoren. Enkelte bransjar er utelatne fordi dei er omfatta av andre EU-direktiv. Det gjeld til dømes transportsektoren, post, straumforsyning og gassforsyning. Helsetenester vart tatt ut av direktivet som ein del av kompromisset i EU-parlamentet ved den første behandlinga. Men unntaket varte ikkje lenge. EU-kommisjonen førebur no i staden eit eige helsedirektiv, som skal sikra mest mogleg konkurranse om helsetenester over landegrensene.

Direktivet skiller mellom tenester som i all hovudsak blir utført og finansiert av det offentlege, og tenester som blir omsett i ein marknad, til dømes gjennom konkurranseutsetting eller brukarbetaling. Tenestedirektivet skal ikkje gjelda for den første kategorien. Det er likevel uklart kvar skillet mellom dei to går. Når det gjeld sosiale tenester har EU-kommisjonen presisert at dei har ein omfattande definisjon av kva som er tenester i den andre kategorien, så omfattande at "nesten alle tenester på

det sosiale området kan reknast som økonomiske aktivitetar⁷³ og dermed underlagt tenestedirektivet. Utdanningssektoren er eit anna uavklart område. Utdanning er ikkje eksplisitt unntatt frå direktivet, og det er uklart om det kan reknast som ei teneste som det offentlege har monopol på og som dermed er unntatt direktivet. Dei fleste europeiske landa har private utdanningsinstitusjonar som konkurrerer med det offentlege. Det vil derfor bli opp til seinare tolkingar i EF-domstolen å finna ut kva for tenester som er omfatta og ikkje omfatta av direktivet.

Sjølv med unntaka omfattar tenestedirektivet halvparten av arbeidslivet i EU. Dei tenestemåla som er unntatt, er stort sett dekkja av andre direktiv. I tillegg er tenestedirektivet sitt verkeområde ikkje endeleg fastlagt sjølv om det er vedtatt. Kvart tredje år skal kommisjonen utarbeida ein rapport om verknadene av direktivet, og vurderer om formålet med det blir oppnådd godt nok. Dersom kommisjonen meiner at konkurransen med tenester ikkje fungerer godt nok, kan direktivet utvidast med nye område eller endrast ved å fjerna endå fleire krav til tenesteytarar. Det er dessutan vedtatt at energiforsyning, vassforsyning, post og utdanning løpande skal vurderast opp mot tenestedirektivet. Slik kan område som så langt er halde utanfor bli underlagt direktivet likevel.

Frå demokrati til domstolsmakt

Direktivteksten er blitt meir uklar som følge av det politiske kompromisset i EU-parlamentet. Det var nødvendig for å bremsa den breie motstanden mot direktivet. Endå meir uklart har det blitt etter at kommisjonen og ministerrådet gjorde nye endringar etter parlamentet si første behandling. Forsøk på å gjera teksten meir eintydig, med tydelege unntak og færre formuleringar som må tolkast i ettertid, vart effektivt stoppa under andre behandling i parlamentet.

Slike uklare direktivtekstar flyttar definisjonsmakt og reell lovgivingsmakt frå politikarar til juristar og byråkratar, i første rekkje til EF-domstolen. Det blir opp til domstolen å avgjera korleis lovteksten skal bli forstått på heilt sentrale område. EF-domstolen vel nesten alltid dei mest

marknadsliberalistiske tolkingane av regelverket i EU, då dei har mandat til å styra etter prinsippet om friast mogleg konkurranse.

Dette gjeld også der andre direktiv kjem i konflikt med tenestedirektivet. Til dømes dekkar det såkalla utstasjoneringdirektivet ein del av det same området. Då det vart slått fast at utstasjoneringdirektivet skulle gjelda over tenestedirektivet, sende EU-kommisjonen raskt ut ei melding om korleis dette skulle bli forstått. Ved utstasjonering, det vil seia at selskap tar oppdrag i eit anna land og tar med eigne tilsette, skal vertslandet ikkje kunna krevja at selskapet har kontor, stadleg representant ut over ein arbeidsformann eller sentrale dokument tilgjengeleg i landet. Om det er kommisjonen si tolking som skal gjelda, vil bli avgjort av EF-domstolen.

Press for privatisering

Tenestedirektivet vil i seg sjølv ikkje pålegga medlemslanda å privatisera tenester, men det skaper strukturar som fremmer privatisering. Dette vil ikkje bli avgjort i direktivteksten, men i den verkelegheita direktivet fungerer i og legg til rette for, og på grunn av dei uklare reglane og verkeområda. Store delar av tenestesektoren i Europa er i dag i offentleg regi, og dermed unntatt konkurranse. Dette står i strid med formålet med direktivet, som vil ha auka konkurranse. Direktivet vil leggja eit press for å privatisera og konkurranseutsetta område som i dag er offentlege, på fleire måtar.

For det første fordi dei offentlege tenestene har sine største kostnader knytta til løns- og pensjonsutbetalingar, som i resten av tenestesektoren. Det er her det er pengar å spara dersom budsjetta er små og tenestene likevel skal oppretthaldast. I eit arbeidsliv der ein kommune kan få fatt i langt billigare arbeidskraft ved å setja oppdrag ut til private i staden for å utføra det sjølv, kan privatisering bli ei løysing i knappe tider. Det vil vera eit sterkt argument for privatisering når ein kan spara pengar ved å leiga inn dårlegare lønna arbeidstakarar. Då kan det fort henda at kommunen ikkje har råd til å la vera. Ein kan få ”meir omsorg for pengane”, som det også heiter.

For det andre kan det uklare skiljet mellom dei tenestene direktivet skal omfatta (tenester som blir tilbode på ein marknad) og ikkje omfatta (offentlege tenester), bli utnytta til å opna stadig nye marknader for dei private tenesteselskapa. Medlemslanda får ikkje sjølv lov til å definera kva som er offentlege tenester og dermed unntatt reglane i direktivet. Det er heller ikkje fastlagt kor stor grad av brukarbetaling eller private innslag i til dømes eldreomsorg eller utdanning som skal til for at tenestene hamnar under direktivet sitt verkeområde. Dersom Noreg ønskjer å halda utdanningssektoren utanfor, ved å visa til at utdanning er eit offentleg ansvar og i all hovudsak offentleg finansiert, vil eit privat utdanningselskap kunna hevda at det allereie er konkurranse på dette området, noko det også er haldepunkt for å meina. Dermed vil det vera ”diskriminering” dersom dette selskapet ikkje får etablere seg i Noreg. Det skal bare ei domstol-savgjerd til for at større delar av utdanningssektoren blir tvangsprivatisert.

Tenestekvalitet og forbrukarrettar

Tenestedirektivet grip ikkje direkte inn i medlemslanda sine krav til tenestekvalitet. Men kontrollen med at desse blir etterlevd blir dårlegare, særleg når det gjeld utanlandske selskap på mellombels oppdrag, fordi kontrollen med tenesteytarar generelt blir vanskelegare. Større omfang av tenesteytarar og arbeidstakarar frå andre land kan dessutan skapa tilleggsproblem for det å oppretthalda krav til tryggleik og kvalitet på tenestene. Til dømes gjeld dette i elektrisitetssektoren, som har ulike standardar frå land til land. Sjølv ein faglært elektrikar frå Litauen vil i utgangspunktet ikkje ha kjennskap til dei standardane som gjeld i Noreg. Språkvanskar gjer det også praktisk vanskelegare å overføra slik kunnskap.

Kva så dersom tenester ikkje blir utført godt nok, og badet du fekk pussa opp har utette røyr og fukt i veggane? Mange vil nok meina at det allereie i dag er vanskeleg nok å få medhald i klagar som forbrukar. Tenestedirektivet vil gjera det endå vanskelegare. Selskapet som utførte oppgåva kan ha tilhaldsstad utanfor landegrensene, utan kontor eller stadleg

representant i Noreg, og kan ha all informasjon på eit språk du ikkje kan. Forbrukarvern vart dessutan avvist som eit lovleg krav til ein tenesteytar. Forslag om dette vart røysta ned med stort fleirtal i den siste behandlinga av tenestedirektivet. Derfor kan medlemslanda i utgangspunktet ikkje stilla krav om at tenesteytarar må oppfylle nasjonale forbrukarvernreglar, noko også Forbrukarrådet har peika på.

Den norske velferdsmodellen for fall?

Noreg har blitt eit rikt land kanskje først og fremst på grunn av flaks – på grunn av oljerikdommane i havet. Men det er langvarig maktkamp som har gjort landet til ein velferdsstat, med jamn inntektsfordeling og eit godt utbygd velferdstilbod samanlikna med dei fleste land i verda. Til grunn for denne utviklinga ligg solidariteten mellom arbeidstakarar og ei sterk arbeidarrørsle. I staden for å bli overlatt til ein nådelaus konkurranse på arbeidsmarknaden – der kvar og ein konkurrerer om arbeid ved å tilby arbeidskrafta si litt billigare enn dei andre – har arbeidstakarar slått seg saman for å oppheva denne konkurransen. Med landsdekkande tariffavtalar og krav om arbeid til alle, har det blitt mogleg å heva velstandsnivået for det store folkefleirtalet.

Det er denne samfunnsmodellen tenestedirektivet utfordrar. Ved å leggja til rette for hardare konkurranse på arbeidsmarknaden, med meir grensekryssande handel med tenester i eit område med enorme lønsforskjellar, kan ”golvet” i velferdssamfunnet bli slått hol på. Over hundre års kamp for utjamning og velferd kan bli reversert på langt kortare tid.

Frå europeisk motstand til norsk veto?

Tenestedirektivet er det mest kontroversielle direktivet i EU si historie. Bolkestein-direktivet skapte større og breiare motstand enn noko anna forslag frå EU-kommisjonen. Fagrørsla og dei nye sosiale rørslene gjekk saman i ei felles europeisk mobilisering. Titusenar protesterte i gatene i Brussel og Strasbourg. ”Frankenstein-direktivet” var hovudtema på felleseuropeiske møtestader som Europas Sosiale Forum. Direktivforslaget var også heilt sentralt då fleirtalet både i Frankrike og Nederland sa nei til EU-grunnlova våren 2005. Heile den vidare integrasjonen i EU og Lisboastrategien vart utfordra nedanfrå. Det vart tydeleg at EU si utvikling mangla demokratisk legitimitet.

Direktivet provoserte så mange fordi det tydeleggjorde EU-eliten sin strategi, og fordi det utfordra store delar av arbeidslivet samtidig. Det vart tydeleg at målet om økonomisk vekst i Lisboa-strategien skulle fremmast på kostnad av dei i teorien likestilte måla om sosial og berekraftig utvikling. Storselskapa si konkurransekraft på verdsmarknaden skulle gå framfor alt anna. EU-kommisærane prøvde ikkje å skjula kva som var viktigast. Tenestedirektivet vart lansert som det mest sentrale verke-middelet i denne samanhengen. Men å utfordra 7 av 10 arbeidstakarar i Europa på ein gong vart i meste laget. Kravet om ”eit sosialt Europa” framfor det konsernstyrte Europa vaks fram.

Passivering av motstanden

Så kom ”kompromisset”. Under trykket av den massive motstanden vart helsetenester og delar av dei sosiale tenestene unntatt frå direktivet. Arbeidsretten skulle ikkje rørast. Opphavlandsprinsippet vart skrive om til ”fridom til å yta tenester”. Rett nok har fleire av desse viktige sigrane blitt uthola av EU-kommisjonen seinare: Eit eige helsedirektiv er på trappene, med formål å auka konkurransen om helsetenester over landegrensene. Kommisjonen har omdefinert dei fleste sosiale tenester til å vera omfatta av tenestedirektivet. Arbeidsretten skal skjermast i den grad han ”respekterer fellesskapsretten”. Resultatet blir truleg det same som med

det opphavlege direktivforslaget, men det vil skje i fleire etappar og over lengre tid.

Men ”kompromisset” hadde ein viktig funksjon. Delar av motstanden vart passivisert. Euro-LO erklærte resultatet i februar 2006 som ein siger. Så kom dei nye endringane frå kommisjonen og rådet utover våren. Skepsisen var framleis såpass at sosialdemokratane ønska viktige presiseringar og forbetringar inn i teksten ved andre gongs behandling i parlamentet. Men kommisjonen gav klart uttrykk for at det var uaktuelt, og den konservative gruppa truga med å trekka seg frå heile kompromisset. Den sosialdemokratiske gruppa gav seg, og ingen nye endringar vart gjort.

Heile den venstresosialistiske gruppa, størsteparten av den grøne gruppa og fleire utbrytarar frå den sosialdemokratiske, herunder dei franske og belgiske, røysta mot direktivet også ved andre gongs behandling.

Euro-LO hadde aldri tidlegare stilt seg i spissen for folkeleg motstand mot eit EU-direktiv. Snarare har dei systematisk prioritert lojalitet til dei elitestyrtte politiske prosessane framfor å markera skepsis offentleg. Euro-LO har frå starten vore tilhengarar av den indre marknaden med prinsippa om fri flyt av kapital, varer, tenester og arbeidskraft, og dei har omfamna Lisboa-strategien. Det var den omfattande motstanden nedover i rekene som fekk leiinga i Euro-LO til å gå hardt ut mot direktivet i første omgang. Å mobilisera til ein ny runde med motstand vart vanskeleg, om ikkje utenkeleg, for leiarskapet i den europeiske fagrørsla. Det ville ha markert eit radikalt brot med tidlegare praksis, og det ville markert ein djup skepsis til heile utviklinga i EU.

Det positive standpunktet i Euro-LO har fått konsekvensar nedover i mange av dei nasjonale fagrørslene. Oftast har desse overlata ansvaret for oppfølginga av dei politiske prosessane i EU til leiarskapet i Euro-LO. Sjølv om skepsisen til direktivet har vore langt større i dei nasjonale fagrørslene, også etter kompromisset, har lojaliteten oppover sett grenser for mobiliseringa.

Motstanden lever ...

Likevel finst det framleis motstand i europeisk fagrørslе. EPSU, paraplyorganisasjonen for offentleg tilsette i Europa (der Fagforbundet er med), heldt fast ved motstanden mot sentrale delar av tenestedirektivet også etter parlamentet si behandling i februar 2006. ”Problema i offentleg sektor er ikkje løyst. Derfor ventar nye slag,”⁴ sa kampanjeleiar Brian Synnott i EPSU. ”Slik vi ser det, opnar tenestedirektivet for omfattande fortolkningar av kva den frie marknaden for tenesteytingar skal omfatta,” uttalte han. EPSU meiner at ei rekkje oppgåver bør stå utanfor den frie konkurransen. Utan klare definisjonar av kva som skal vera offentlege oppgåver vil EF-domstolen få oppgåva. ”Og EF-domstolen tenkjer først og fremst på den frie marknaden,” sa Synnott.

Også i dei nasjonale faglege samansluttingane har det vore motstand og skepsis etter kompromisset. ”Kompromisset betyr ikkje at saka er i boks. Sjølv om parlamentet skulle røysta i tråd med arbeidstakarane sine ønske, vil dette bare vera ein etappesiger,” sa Michael Sommer, leiaren for tysk LO (DGB) under demonstrasjonane i februar 2006.⁵

...men direktivet er vedtatt

For organisasjonane og rørslene i EU-landa er kampen mot tenestedirektivet tapt. Eit massivt press utanfrå fekk parlamentet til å gjera forbetringar i første omgang. Men utan at trykket vart halde oppe kunne kommisjonen uhindra ta tilbake noko av det tapte, og sosialdemokratane i parlamentet sto svakt i forsøket på å retta det opp igjen. Utan den same sterke mobiliseringa nedanfrå gjekk saksgangen som normalt i EU-systemet. Og med det endelege vedtaket er det få eller ingen sjansar til å påverka resultatet. Fagrørsla håper nok på å delta i tolkingane av korleis dei uklare lovtekstane skal bli forstått i framtida. Mange stridsspørsmål vil truleg bli avgjort i EF-domstolen først på eit seinare tidspunkt, og det gir nye sjansar, om enn veldig små, til å gjera direktivet mindre ille.

Slik er det ikkje i Noreg. Om tenestedirektivet skal bli norsk lov eller ikkje, er opp til regjeringa og Stortinget. Fordi Noreg ikkje er medlem av

EU kan vi nytta oss av reservasjonsretten ("legga ned veto") mot direktivet. Debatten om tenestedirektivet har derfor ikkje stilna sjølv om det er endeleg vedtatt i EU.

Den norske debatten

Frå norsk hald har dei fleste reaksjonane på tenestedirektivet vore negative, skeptiske eller avventande. Få deltakarar i samfunnsdebatten har inntatt eit eintydig positivt syn. NHO er eit viktig unntak. I ei pressemelding frå dagen då parlamentet vedtok direktivet for andre gong seier dei seg nøgde med at direktivet endeleg er på plass, og framhevar at den forventa auken i import og eksport av tenester vil føra til større verdiskaping og nye arbeidsplassar. Men også NHO legg vekt på at det har oppstått "en juridisk ukklarhet om hvilke lands lover som skal gjelde ved [grenseoverskridende] tjenesteleveranser."⁶

Regjeringa har i to høyringsvar frå februar og mai 2006 hatt fleire innvendingar mot dei gjeldande direktivforslaga. Regjeringa ville at direktivet klarare skulle sikra styresmaktene sin kontroll med tenesteytarar, etterlyste ein klarare definisjon av unntaket for sosiale tenester, protesterte mot at tenesteytarar automatisk skal sikrast løyve til etablering dersom ikkje svar er gitt innan ein gitt frist i dei såkalla hurtigskrankane, og ville ha ein tydelegare definisjon av "tenester av allmenn interesse" og "tenester av allmenn økonomisk interesse".⁷ Ingen av desse innvendingane vart tatt omsyn til i den vidare behandlinga i EU.

Fagrørsla er mot eller skeptisk

LO har også ved fleire høve uttalt seg om direktivet. I høyringsvaret frå mai 2006, altså etter "kompromisset" i EU-parlamentet, meiner LO at "kommisjonens reviderte direktivutkast på en del områder er uklare både når det gjelder virkeområde og hvordan de ulike bestemmelsene materielt sett skal forstås".⁸ LO fryktar mellom anna at direktivet kan "medføre problemer i forhold til reguleringer som er innført eller ønskes innført av hensyn til å bekjempe sosial dumping", og vil at unntaket for sosiale ytingar skal klargjerast til å gjelda samtlege sosiale ytingar. Heller ikkje

på desse områda er det gjort endringar i dei seinare direktivtekstane.

Dei fleste fagforbunda, både i og utanfor LO, har tatt stilling mot direktivet eller inntatt ei skeptisk haldning med mange innvendingar og kritiske spørsmål. Av fagforbund som er motstandarar av tenestedirektivet og vil at Noreg skal bruka reservasjonsretten er Norsk Tjenestemannslag, Handel og Kontor, EL & IT Forbundet, Utdanningsforbundet, Fellesorganisasjonen og Transportarbeiderforbundet. Også mange lokale LO-avdelingar, som LO i Oslo, LO i Trondheim og LO i Stavanger og Omegn, krev veto mot tenestedirektivet – saman med ei rekkje lokale klubbar og foreiningar.

Det kom derfor brått på då LO-sekretariatet med Gerd Liv Valla i spissen innstilte på å akseptera direktivet og ville ha ei hastebehandling av dette bare få dagar etter det siste vedtaket i EU-parlamentet. Etter mange og raske protestar i LO valde sekretariatet likevel å utsetja saka til seinare.

Frå grundig prosess til hastverk?

Av dei politiske partia har dei to regjeringspartia Sosialistisk Venstreparti og Senterpartiet tatt til orde for å bruka reservasjonsretten mot tenestedirektivet. Også Kristeleg Folkeparti er skeptisk, og har mellom anna kravd at saka må til Stortinget for å få ein brei debatt. Alle ungdomsorganisasjonane til regjeringspartia, inkludert AUF, har tatt tydeleg stilling mot direktivet.

Før jul 2006 lova regjeringa ei grundig behandling av tenestedirektivet før ein skulle ta stilling. Det skulle gjennomførast ein brei høyringsrunde, og regjeringspartia SV og Sp ville i tillegg ha konsekvensutgreingar. Rett før jul, og utan nokon form for mediemerksemd, avgjorde likevel Nærings- og Handelsdepartementet å senda direktivet ut på høyring med bare 8 vekers frist (til 22. februar). Vanleg høyringsfrist er tre månader (12 veker). Ved å senda ut høyringsbrevet rett før jul sørga departementet for at den reelle høyringsfristen vart endå kortare.

EU gir medlemslanda og EØS-landa tre år på å implementera direktivet (ta inn i lovverket) etter at det er endeleg vedtatt. Noreg kan derfor venta ei god stund med å ta stilling. Det har dessutan skjedd før at Noreg har brukt endå mykje lengre tid på å ta eit EU-direktiv inn i lova. Å bruka god tid på høyringsrundar og utgreingar er også å gi rom for ein offentlig debatt om temaet, før regjering og storting gjer vedtak i saka. Ei rask behandling vil derfor vera å hindra ein open, demokratisk debatt.

Kan vi stoppa tenestedirektivet?

Å bruka reservasjonsretten i EØS vil ikkje vera eit avtalebrot. Tvert imot er denne retten ein del av avtaleverket, og det er også regulert i avtalen korleis det eventuelt skal handterast.

Då EØS-avtalen vart inngått i 1992 vart det ofte understreka frå tilhengarane at voretten (reservasjonsretten) kunne brukast for å ivareta viktige omsyn, og at vi ikkje måtte godta alt som kom frå EU ukritisk. Dei få gongene det faktisk har vore tale om å bruka denne retten har likevel mange av dei same kreftene meint at veto slett ikkje kan koma på tale. Ein del av dette handlar om taktikk i striden om norsk medlemskap i EU. Men det blir også argumentert med at Noreg kan bli utsett for straffetiltak frå EU og utestenging frå (delar av) den indre marknaden. Sidan reservasjonsretten aldri har blitt brukt er det vanskeleg å vita noko sikkert om korleis EU ville reagere. Det vi veit er at Noreg eksporterer viktige varer som fisk, olje og gass til EU, og ikkje står i ein særleg svak posisjon slik sett. WTO-avtalane innsnevrar dessutan høvet til å treffa handelspolitiske straffetiltak.

EU vil ikkje ha handelspolitiske grunnar til å sanksjonera ved eit eventuelt nei til tenestedirektivet. Det er fordi ein reservasjon ikkje vil gi Noreg handelsfordelar overfor EU, då handelen med tenester eventuelt vil vera mindre begge vegar. Men kanskje vil det vera eit politisk ønskje om å straffa den "ulydige". I så fall kan EU suspendera delar av EØS-avtalen, men det må vera innanfor det same området (vedlegget) i avtalen. EØS-avtalen består av mange delar, og tenester er ikkje omtalt i same del som

til dømes fisk.

Spørsmålet kan ikkje vera om Noreg kan ta sjansen på å bli upopulære i EU-kommisjonen. Spørsmålet må vera om tenestedirektivet minskar sjansane til å ta forbrukaromsyn og stilla kvalitetskrav, om det gjer det vanskelegare å bekjempe sosial dumping, og om det aukar presset for privatisering av velferd og annan tenesteyting. Og det må vera opp til tilhengarane av direktivet å godtgjera at det ikkje er tilfelle, framfor at vi bare skal håpa på det beste.

I Soria Moria-erklæringa, den politiske plattformen for regjeringa, står det både at ”Regjeringen [vil] vurdere å bruke reservasjonsretten i EØS-avtalen hvis særlig viktige norske interesser trues av rettsakter som planlegges innlemmet i EØS-avtalen,” og at ”Regjeringen vil arbeide for at EU ikke gjennomfører et tjenestedirektiv som fører til sosial dumping.” Regjeringa opnar altså sjølv for at reservasjonsretten kan brukast. Om tenestedirektivet blir stoppa eller ikkje må avgjerast etter ein open og demokratisk debatt. Det handlar om at velferdsstaten og arbeidslivet slik vi kjenner det kan bli dramatisk endra. Er det ikkje ”særleg viktige norske interesser” å hindra ei slik utvikling?

¹ Pressemelding frå ESF, 31. mai 2005

² Stavanger Aftenblad, 13. februar 2004

³ Melding om ”sosiale tenester av allmenn interesse” frå EU-kommisjonen av 26. april 2006

⁴ Ugebrevet A4, dansk LO sitt nyhendebrev, 20. februar 2006

⁵ www.frifagbevegelse.no 13. februar 2006

⁶ Pressemelding frå NHO 15. november 2006

⁷ Høyringsvar frå Nærings- og Handelsdepartementet 24. mai 2006

⁸ Høyringsfråsegn om tenestedirektivet frå LO-sekretariatet 8. mai 2006

Tre argument mot tenestedirektivet

1. Tenestedirektivet er usolidarisk

Tenestedirektivet vil undergrava rettar og standardar i arbeidslivet som er kjempa fram gjennom mange tiår. Når konkurransen på arbeidsmarknaden blir hardare, vil det utsetta løns- og arbeidsvilkår for eit sterkt press. Det rammar særleg arbeidstakarar i fattige austeuropeiske land og dei mest utsette gruppene i vårt eige arbeidsliv. Solidaritet er å sørge for at ingen må godta dårleg løn og helsefarlege arbeidsvilkår. Tenestedirektivet legg til rette for at det motsette skal skje. Tenestedirektivet står dessutan sentralt i strategien for å styrka dei europeiske storselskapa si slagkraft på verdsmarknaden. Ved å henta ut større forteneste på heimebane, vil dei også enklare kunna konkurrera ut lokale tenesteytarar i Sør. Det hindrar utvikling i Sør og forsterkar global urettferd.

2. Tenestedirektivet gir meir sosial dumping

Formålet med tenestedirektivet er å gjera det enklare å selja tenester over landegrensene. Friare flyt og auka konkurranse på den europeiske tenestemarknaden vil få store konsekvensar for store grupper av arbeidstakarar. Det vil bli eit sterkt press på løns-, arbeids- og pensjonsvilkår i konkurransen om tenesteoppdrag. Det selskapet som kan by under dei andre, vil ha fordel i konkurransen, og meir sosial dumping blir resultatet. Tenestedirektivet rammar i første rekke bransjane innanfor privat tenesteyting;

bransjar der organiseringsgraden er liten og tariffavtalane er få. Her finst dei mest utsette gruppene av arbeidstakarar, og her er sosial dumping mest utbreidd frå før. Tenestedirektivet gjer dessutan mange av eksisterande og føreslåtte tiltak mot sosial dumping ulovlege.

3. Tenestedirektivet gjer politikk til juss

Sentrale spørsmål om standardar og krav til tenesteselskap er ikkje avgjort i tenestedirektivet. Det er heller ikkje avklart kva slags tenester som blir omfatta av direktivet. Mange avgjerder vil i praksis bli tatt av EF-domstolen, som styrer etter prinsippet om friast mogleg konkurranse. Også der tenestedirektivet kjem i konflikt med andre direktiv, vil domstolen få det siste ordet. Tenestedirektivet er dessutan eit såkalla dynamisk direktiv. Kvart tredje år skal EU-kommisjonen vurdere om måla med direktivet blir godt nok oppfylt, og føreslå utvidingar, endringar og tiltak for å styrka innsatsen. Slik blir viktige politiske diskusjonar og vedtak flytta frå folkevalde politikarar over til byråkratar og juristar.

Tidslinje

2000: EU-toppmøtet i Lisboa vedtar at EU skal bli den mest konkurransedyktige økonomien i verda innan 2010. Eit ledd i denne strategien skal vera regelendringar, harmonisering og ein felles strategi for fri flyt av tenester.

2002: EU-kommisjonen legg fram rapporten ”Status for den indre marknaden for tenester”.

2004: Kommisær Frits Bolkestein legg fram EU-kommisjonen sitt forslag til tenestedirektiv.

2006

16. februar: EU-parlamentet vedtar sitt forslag til tenestedirektiv (394 røyster for, 215 mot).

4. april: EU-kommisjonen legg fram sitt reviderte forslag til tenestedirektiv.

29. mai: Ministerrådet vedtar sitt forslag til tenestedirektiv.

15. november: EU-parlamentet vedtar direktivet for andre gong, utan nye endringar (405 røyster for, 105 mot).

11. desember: Ministerrådet vedtar direktivet for andre gong.

Direktivet vil tre i kraft innan 2010. Medlemslanda i EU/EØS har 3 år på seg til å ta direktivet inn i lovverket. EØS-land kan reservera seg. I Noreg har regjeringa sendt direktivet ut på høyring med frist 22. februar 2007. Det er usikkert kva som vil bli den vidare framgangsmåten, og når regjeringa skal konkludera i saka.

Ordliste

Allmenngjering av tariffavtalar: Lov om allmenngjering av tariffavtalar vart vedtatt i Noreg i 1994, men vart ikkje tatt i bruk før 10 år etter. Ei offentleg oppnemnt tariffnemnd kan vedta at (delar av) ein tariffavtale også skal gjelda for arbeidstakarar og arbeidsgivarar som står utanfor avtalen. Dette er i første rekke gjort i bygg- og anleggsbransjen; først i Oslofjordområdet og i Hordaland, seinare er det utvida til å gjelda heile landet frå 1. januar 2007. Allmenngjering av tariffavtalar er i seg sjølv ikkje nok for å sikra at norske løns- og arbeidsvilkår faktisk blir følgt, men må kombinerast med effektiv kontroll frå Arbeidstilsynet og innsynsrett for tillitsvalde.

”Amerikanisering” av arbeidslivet: Sjølv om prinsippet om fri flyt av arbeidskraft heile tida har vore ein del av EU-lovverket og EØS-avtalen, har den faktiske flyttinga over grensene fram til no vore svært liten. På dette området skil Europa seg tydeleg frå USA, som har tradisjonar for at folk er villige til å flytta ”dit jobbane er”. I dei liberalistiske økonomi-modellane slår denne mobiliteten ut i betre konkurranseevne og høgare vekst. Men for dei menneska det gjeld inneber det ofte at dei blir tvungne til å bryta opp frå familie og heimstad. Eit av måla med tenestedirektivet er å auka mobiliteten i arbeidsmarknaden. Fordi EU er eit område med store lønsforskjellar vil dette føra til at arbeidskostnadene (lønene) går ned.

Antikontraktørklausul: Kontraktørar er eit anna ord for sjølvstendig næringsdrivande eller enkeltmannsføretak, som jobbar på oppdrag for andre. I dag kan oppdragsgivarar i Noreg krevja at bruk av enkeltmannsføretak må grunngiast ved tildeling av oppdrag, ved å ta i bruk ”anti-kontraktørklausulen”. Omfanget av ”sjølvstendig næringsdrivande” har auka sterkt i område der tariffavtalane er allmenngjort, det vil seia at arbeidstakarar blir omdefinert til enkeltmannsføretak. Slik kan krava til løns- og arbeidsvilkår omgåast. Fagrørsla har derfor kravd at anti-kontraktørklausulen må skjerpast. Tenestedirektivet inneheld derimot eit eksplisitt forbod mot ”kontraktsmessige ordningar (...) som hindrar eller avgrensar at tenester blir ytt av sjølvstendig næringsdrivande”.

Arbeidsrett: Arbeidsrett er lover (som arbeidsmiljølova) og kontraktsforhold (tariffavtalar) som gjeld tilsettingsvilkår og arbeidsvilkår. Etter EU-parlamentet si behandling vart det presisert at direktivet ikkje skulle gjelda for arbeidsrettslege spørsmål. Ministerrådet gjorde deretter direktivteksten meir open for tolking, ved å leggja til at dette gjeld nasjonal rett ”som respekterer fellesskapsretten”. Det vil dermed bli opp til EF-domstolen å avgjera om nasjonal arbeidsrett må vika for konkurransereglane i EU. Det er også uklart om tariffavtalar vil bli omfatta av dette generelle unntaket for arbeidsrett. I november 2006 kom EU-kommisjonen med ei ”grønbok” (eit slags høyringsnotat) som varslar større harmonisering av arbeidsrett på EU-nivå. Dette vil kunna uthola unntaket for nasjonal arbeidsrett endå meir.

Autorisasjonsordning: Gjeld i denne samanhengen autorisasjon (godkjenning) av vikarbyrå og andre verksemder som leiger ut arbeidskraft. Ei autorisasjonsordning er fremma av fagrørsla som eit viktig krav i kampen mot sosial dumping, for å avgrensa bruken av mellombels tilsette og som eit verkemiddel mot useriøse utleigefirma. Tenestedirektivet pålegg medlemslanda å gjera slike autorisasjonsordningar mindre strenge.

Bolkestein-direktivet: Det første forslaget til tenestedirektiv, lagt fram av kommisær Frits Bolkestein på vegner av EU-kommisjonen i januar 2004.

EF-domstolen: Ei rekkje av dei sentrale problema i tenestedirektivet vil ikkje bli endeleg avklart før aktuelle saker er prøvd for EF- (EFTA-)domstolen. Dermed vil tenestedirektivet driva fram ei ytterlegare rettsleggjer- ing av politikken, og svekka dei politiske institusjonane. EF-domstolen styrer etter prinsippa i EU-traktaten om friast mogleg flyt.

Forbrukarvern: Tenestedirektivet vil svekka forbrukarvernet på fleire vesentlege område. Forbrukarvern er for det første ikkje nemnt som lovlege krav til ein tenesteytar. Dette vart føreslått under behandlinga i EU-parlamentet, men vart ikkje vedtatt. Tenesteytarar etablert i andre EØS-land vil dessutan ikkje ha plikt til å ha ein representant eller eit kontor i landet. Då blir det vanskeleg å praktisera regelen om at det er forbru- karlovverket i det landet forbrukaren bur i som skal gjelda. Ein utanland- sk tenesteleverandør vil ha høve til å ta inn i ein kontrakt at eventuelle tvistar skal avgjerast etter opphavslandet si lov.

Handlingsplan mot sosial dumping: Regjeringa la våren 2006 fram ein handlingsplan mot sosial dumping i ti punkt, som delvis har blitt konkre- tisert seinare. Viktige delar av handlingsplanen er enno ikkje følgt opp med konkrete tiltak. Handlingsplanen er sannsynlegvis heilt utilstrekke- leg for å hindra sosial dumping. Tenestedirektivet vil gjera dette arbeidet endå vanskelegare, då også delar av regjeringa sin handlingsplan vil vera i strid med direktivet.

Helsetenester: Helsetenester var inkludert i tenestedirektivet frå starten, men vart unntatt i parlamentet si behandling i februar 2006. EU-kom- misjonen førebur no i staden eit eige helsedirektiv, som skal sikra mest mogleg konkurranse om helsetenester over landegrensene.

Hurtigskranke: Kontaktpunkt for utanlandske selskap som vil etablera seg i vertslandet. Tenestedirektivet vil pålegga EU- og EØS-landa å op- pretta slike ”nasjonale knutepunkt” med enkle og ubyråkratiske godkjen- ningsreglar, som skal vera elektronisk tilgjengeleg. Slik skal utanlandske selskap sikrast ei rask behandling av søknaden om å etablera seg. Dersom

søkaren ikkje har fått svar innan ein gitt frist skal søknaden automatisk innvilgast. Den norske regjeringa protesterte mot denne ordninga i sitt høyringssvar i mai 2006.

ID-kort: Pålegg om idenditetskort i bygg- og anleggsverksemd er føreslått som eit tiltak mot sosial dumping. Tenestedirektivet inneheld eit eksplisitt forbod mot at vertslandet kan krevja ei ordning med ID-kort av utanlandske tenesteytarar.

ILO-konvensjon nr. 94: Konvensjonen opnar for at det kan stillast krav om vertslandet sine løns- og arbeidsforhold i bodrundar om offentlege oppdrag. I Noreg er konvensjonen innført for statlege etatar og i nokre få kommunar og fylkeskommunar. Regjeringa planlegg å innføra han for heile den kommunale sektoren i løpet av 2007. Ei svensk offentlig utgreiing (SOU) frå 2006 konkluderer med at det er høgst usikkert om innføring av ILO-konvensjon nr. 94 er i samsvar med tenestedirektivet.

”Kompromisset”: Då tenestedirektivet var oppe til første gongs behandling i EU-parlamentet i februar 2006, vart det gjort fleire endringar i direktivteksten. Mellom anna vart det omstridde omgrepet ”opphavslandsprinsippet” tatt ut av teksten og erstatta med ”fridom til å yta tenester”, og visse tenesteområde vart unntatt direktivet. Endringane vart gjort som ein del av eit kompromiss mellom den sosialdemokratiske og den konservative/ kristeleg-demokratiske gruppa i parlamentet. I kor stor grad realiteten i opphavslandsprinsippet er tatt ut, er omstridd. Professor Finn Arnesen ved Senter for Europarett gjorde ei utgreiing av dette på oppdrag frå Nærings- og Handelsdepartementet, og konkluderte med at ”det kan virke som endringane er av mer kosmetisk enn praktisk betydning.”

Lisboa-strategien: Vedtatt av Det Europeiske Rådet på EU-toppmøtet i Lisboa i 2000. Målet med Lisboa-strategien er å gjera EU til verdas mest konkurransedyktige økonomi innan 2010. Oppfølginga av denne strategien på EU-nivå består stort sett av reformer som skal få opp mobiliteten og fleksibiliteten i den indre marknaden, det vil seia deregulering og

liberalisering av økonomien, tiltak for auka konkurranse og meir handel over grensene.

Lønsreglar: Tenestedirektivet skal ikkje gripa inn i nasjonale lønsreglar. Men i Noreg har vi ikkje andre lønsreglar enn dei som gjeld i tariffavtalanane. Vi har ikkje lovfesta minsteløn, slik enkelte andre land har. Fagrørsla ser mange problematiske sider ved ei lovfesta minsteløn. Delvis fordi det reduserer verdien av fagorganisering og dermed heile den ”nordiske modellen” med sterke fagforeiningar og forhandlingar med arbeidsgivarane, delvis fordi ei slik lovfesta minsteløn ville ha vore langt lågare enn dei tariffbestemte satsane. Dekninga av tariffavtalar er svært mangelfull i det norske arbeidslivet. Å allmenngjera tariffavtalar i stor stil for å unngå sosial dumping reiser mange av dei same motforestillingane som lovfesta minsteløn.

Opphavlandsprinsippet: Inneber at eit selskap som sel tenester i andre land skal følgja regelverket i det landet der selskapet er registrert, og ikkje i det landet der tenesta blir utført (vertslandet). Kontroll av at dei gjeldande reglane blir følgd skal også utførast av styresmaktene i opphavlandet. Ordet ”opphavlandsprinsippet” vart tatt ut av direktivteksten etter behandlinga i EU-parlamentet i februar 2006, og erstatta med ”fridom til å yta tenester” (artikkel 16). Innhaldet i opphavlandsprinsippet er likevel for ein stor del intakt. Opphavlandsprinsippet er også ein del av EU-retten på andre område; ei vare som er godkjent i eitt land skal automatisk vera godkjent i alle andre land.

Overgangsordningar: Vart innført i Noreg i samband med utvidinga av EU våren 2004, og gjeld i inntil 7 år. Overgangsordningane inneber at individuelle arbeidstakarar frå dei åtte nye austreuropeiske medlemslanda framleis må søkja om arbeidsløyve, og at dei må ha ein arbeidskontrakt om heiltidsarbeid til norske løns- og arbeidsvilkår. Overgangsordningane gjeld bare for den typen arbeidsinnvandring der enkeltpersonar kjem til Noreg for å søkja seg arbeid, og ikkje når utanlandske selskap tar med seg egne tilsette til oppdrag i Noreg (utstasjonering), når enkeltpersonar

etablerer seg som sjølvstendig næringsdrivande eller når ei bedrift leiger inn arbeidskraft. Desse andre typane av arbeidsinnvandring utgjer meste-parten av arbeidskraftimporten frå Aust-Europa.

Rammedirektiv: Tenestedirektivet er eit rammedirektiv. Det vil seia at det kan fyllast ut med tillegg frå EU-kommisjonen og tolkingar i EF-domstolen før det endelege innhaldet i direktivet er klart. Mellom anna kan nye tenestemråde leggast til. Direktivteksten slår fast at kommisjonen kvart tredje år skal leggja fram ein rapport om korleis måla med direktivet blir etterlevd, og føreslå endringar for å oppnå desse måla betre.

Reservasjonsrett: Noreg har i EØS-avtalen høve til å reservera seg frå nye EU-direktiv og dermed hindra at direktivet blir ein del av norsk lov. Reservasjonsretten blir ofte omtalt som ”vetoretten”.

Solidaransvar: I kampen mot sosial dumping er solidaransvar eit sentralt krav frå fagrørsla. Solidaransvar er å gjera oppdragsgivaren/hovudentreprenøren ansvarleg for utbetaling av løn med meir hos underentreprenørar og utleigeverksemdar. Solidaransvar kan vera i strid med tenestedirektivet.

Sosiale tenester: Sosiale tenester er bare delvis unntatt frå tenestedirektivet. Etter at EU-parlamentet ønska alle sosiale tenester ut av direktivet, vedtok Ministerrådet ein definisjon der visse sosiale tenester blir dekkja likevel. Denne definisjonen er såpass uklar at det er usikkert kva for område det gjeld. Eldreomsorg er eitt område som ikkje eksplisitt er unntatt. EU-kommisjonen kom dessutan i april 2006 med ei melding om ”sosiale tenester av allmenn interesse” som konkluderer med at ”nesten alle tenester på det sosiale området kan reknast som økonomiske aktivitetar” og dermed vera underlagt tenestedirektivet. (Sjå også ”tenester av allmenn interesse” og ”tenester av allmenn økonomisk interesse”).

Tenester av allmenn interesse: Tenester som er fullt ut offentlege, såkalla ”tenester av allmenn interesse”, skal i utgangspunktet vera unntatt tenest-

edirektivet. Det har ikkje kome ei klargjering på definisjonen av slike tenester opp mot ”tenester av allmenn økonomisk interesse”, som er dekkja av direktivet. Grensene mellom dei to kategoriane er flytande, og EF-domstolen vil derfor få det siste ordet. EU-parlamentet la til i direktivteksten at medlemslanda sjølv skulle få definera kva som er tenester av allmenn interesse, men Ministerrådet fjerna desse formuleringane.

Tenester av allmenn økonomisk interesse: Tenester som det offentlege har ansvar for, men som er konkurranseutsett, har brukarbetaling eller private innslag, skal i utgangspunktet dekkast av tenestedirektivet. Tenesteytarar frå andre land kan med tenestedirektivet delta i konkurransen om oppdrag på desse områda, men vertslandet kan krevja at alle som konkurrerer om oppdrag for det offentlege skal vera etablert i landet. Alle som er etablert i landet skal på den andre sida likebehandlast ved tildeling av oppdrag uavhengig av kvar hovudkontoret eller eigarane held til.

Tvingande allmenne omsyn: Prinsippet om fri flyt av tenester har vore ein del av EU-lovverket og EØS-avtalen i alle år, men landa har samtidig hatt høve til å stilla (ikkje-diskriminerande) krav til tenesteytarane dersom dei har vore grunngitt i ulike ”tvingande allmenne omsyn”. Rettspraksis i EF-domstolen har derfor vore at ei rekkje ulike omsyn har vore ein del av denne kategorien. I tenestedirektivet er handlingsrommet for kva slags ”tvingande allmenne omsyn” som kan grunngi eit krav mot mellombels tenesteytarar blitt kraftig innskrenka. No er det bare fire typar krav som kan stillast; krav som er grunngitt i omsynet til den offentlege orden, offentleg tryggleik, folkehelsa og vern av miljøet. Omsyn til sosialpolitikk og forbrukarvern vart føreslått inn på lista, men kom ikkje med.

Unntak: Ein del tenesteområde er unntatt frå tenestedirektivet. Det betyr ikkje at det er opp til landa sjølv å avgjera reglane på desse områda. For det første er dei fleste av unntaka dekkja av andre direktiv og reglar i EU (til dømes posttenester). For det andre er tenestedirektivet eit uttalt dynamisk direktiv (rammedirektiv). Det vil seia at kommisjonen kvart tredje år skal evaluera erfaringane med direktivet, og mellom anna vurdere be-

hovet for nye tiltak på område som hittil er unntatt. Ministerrådet vedtok i juli 2006 at energiforsyning, vassforsyning, post og utdanning løpande skal vurderast opp mot tenestedirektivet.

Utdanning: Utdanningssektoren er ikkje eksplisitt unntatt frå direktivet. Om utdanning blir definert som av "allmenn interesse" eller ein konkurranseutsett sektor er ikkje avgjort. Innslag av private skular og høgare utdanningsinstitusjonar og innslag av brukarbetaling vil kunna bli brukt som argument for at utdanning skal opnast for fri konkurranse i EØS-området og at private utanlandske utdanningsselskap må få etablere seg.

Utstasjoneringsdirektivet: Utstasjonering er når ein tenesteytar tar med seg dei tilsette for å utføra oppdrag i eit anna land. Oppdrag av denne typen blir dekkja av utstasjoneringsdirektivet, som opnar for at utstasjonerte arbeidstakarar kan sikrast løns- og arbeidsvilkår på linje med det som er fastsett i lov eller tariffavtale i det landet dei arbeider i. Det er presisert at utstasjoneringsdirektivet skal ha forrang framfor tenestedirektivet, og det har derfor blitt hevda at tenestedirektivet ikkje vil føra til meir sosial dumping. Men erfaringane i Noreg viser at utstasjoneringsdirektivet ikkje hindrar sosial dumping. For det første fordi lønsvilkår bare er regulert gjennom tariffavtalar, som på langt nær dekkar heile arbeidslivet. For det andre fordi kontrollen med om tariffavtalane (og eventuelle allmenngjorte tariffavtalar) faktisk blir følgt er dårleg. Tenestedirektivet vil gjera kontrollen med dette endå vanskelegare. EU-kommisjonen sende våren 2006 ut ei melding om forståinga av utstasjoneringsdirektivet, der dei langt på veg stadfesta at kontroll av tenesteytarar skal baserast på opphavslandsprinsippet i tenestedirektivet: Krav om stadleg representant, krav til førehandsgodkjenning eller registrering og krav til oppbevaring av dokumentasjon skal ikkje vera lov etter utstasjoneringsdirektivet. Om det er kommisjonen si forståing som vinn fram er ikkje avklart, og vil i siste instans bli avgjort av EF-domstolen.

Medlemmer av alliansen

For velferdsstaten

Følgende landsdekkende forbund og organisasjoner med til sammen over én million medlemmer står bak For velferdsstaten:

- Arbeidssøkerforbundet (AFO)
- EI&IT-forbundet (LO)
- Fagforbundet (LO)
- Fellesorganisasjonen (LO)
- FO-studentene
- Handel og Kontor i Norge (LO)
- Hotell- og Restaurantarbeiderforbundet (LO)
- Kvinnefronten
- Kvinnegruppa Ottar
- Landsutvalget for Udelt og Fådelte Skole
- LO Kommune (LO)
- Norsk Bonde- og Småbrukarlag
- Norsk Fængsels- og Friomsorgsforbund(LO)
- Norsk Folkehøgskolelag
- Norsk Lokomotivmannsforbund (LO)
- Norsk Pensjonistforbund
- Norsk Tjenestemannslag (LO)
- Norsk Transportarbeiderforbund (LO)
- SAFE (YS)
- Skolenes Landsforbund (LO)
- Tyrilistiftelsen
- Utdanningsforbundet (UHO)
- Velferdsalliansen
- LO i Vesterålen
- LO i Hamar og omegn
- Oslo Grafiske Fagforening
- Postkom Oslo og Akershus krets
- Postkom Rogaland krets
- Postkom Vestfold og Telemark krets
- Skolenes Landsforbund, Oslo fylkeslag

Fra kommunenorge har For velferdsstaten disse medlemmene:

- Folldal kommune
- Fredrikstad kommune
- Gratangen kommune
- Grong kommune
- Hemne kommune
- Meldal kommune
- Notodden kommune
- Os kommune (i Østerdalen)
- Rødøy kommune
- Rendalen kommune
- Salangen kommune
- Sørfold kommune
- Sunndal kommune
- Tingvoll kommune
- Tokke kommune
- Tolga kommune
- Vinje kommune
- Åmot kommune

Fylkestingene i Sør-Trøndelag og Troms har også vedtatt støtte til aksjonen.

I tillegg har følgende lokale organisasjonsledd sluttet seg til alliansen:

- Elektropersonalets Forening Oslo
- EI&IT-forbundet Distrikt Oslo og Akershus
- Heismontørenes Fagforening
- Jern og Metall Oslo, avd. 1 av Fellesforbundet
- LO Gjøvik
- LO Kragerø
- LO i Larvik og Lardal
- LO i Mosjøen og omland
- LO i Oslo

For velferdsstaten

Storgata 23c, 0184 Oslo

Daglig leder Asbjørn Wahl:

916 11 312 (mobil)

E-post: aksjon@velferdsstaten.no

For velferdsstaten
Storgata 23 c
0184 Oslo
Tlf. 91 61 13 12
www.velferdsstaten.no

For velferdsstaten er en allianse mellom de krefter i vårt samfunn som ønsker å utvide bredden og øke styrken i kampen mot forskjellsnorge, mot konkurranseutsetting, privatisering, deregulering og markedsliberalisme - for en sterk offentlig sektor på brukernes premisser. Alliansen ble etablert høsten 1999, og til nå har nær 30 landsomfattende organisasjoner sluttet seg til med omlag en million medlemmer. I tillegg har en rekke lokale organisasjonsledd, kommuner og fylkeskommuner sluttet seg til alliansen.

